# Innst. S. nr. 90

## (2003-2004)

## Innstilling til Stortinget fra samferdselskomiteen

St.prp. nr. 29 (2003-2004)

**Innstilling fra samferdselskomiteen om endring av løyvingar mv. for 2003 på Samferdselsdepartementets område**

Til Stortinget

## 1. INNLEDNING

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sigrun Eng, Bjørgulv Froyn, Oddbjørg Ausdal Starrfelt og Tor-Arne Strøm, fra Høyre, Anne Berit Andersen, Sverre J. Hoddevik, Hans Gjeisar Kjæstad og lederen Petter Løvik, fra Fremskrittspartiet, Thore A. Nistad og Kenneth Svendsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Geir-Ketil Hansen og Heidi Sørensen, fra Kristelig Folkeparti, Odd Holten og Jan Sahl, og fra Senterpartiet, Jorunn Ringstad, viser til at Samferdselsdepartementet i proposisjonen legger fram en del saker under programkategoriene 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post og telekommunikasjoner, samt under Andre saker.

## 2. PROGRAMKATEGORI 21.20 LUFTFARTSFORMÅL

### 2.1 Sammendrag

***Kap. 5619 Renter av lån til Oslo Lufthavn AS***

POST 80 RENTER

Departementet foreslår at løyvinga på kap. 5690 post 80 Renter, blir redusert med 29,1 mill. kroner, frå 463 mill. kroner til 433,9 mill. kroner. Endringar i renta i seinare tid gjer at rentene på den del av selskapet sitt statslån som er knytt opp mot NIBOR-renta, blir lågare.

### 2.2 Komiteens merknader

Komiteen har ingen merknader.

## 3. PROGRAMKATEGORI 21.30 VEGFORMÅL

### 3.1 Sammendrag

***Kap. 1320 Statens vegvesen (jf. kap. 4320)***

POST 24 STATENS VEGVESENS PRODUKSJON

I samband med avsluttinga av kap. 1320 post 24 Statens vegvesens produksjon pr. 31. desember 2002, orienterer departementet om Vegvesenets underskot for arbeid utført for fylkeskommunane og vidare oppfølging av saka.

Hovudårsaka til meirutgifta kr 241 740 742 på post 24 er rekneskapsmessige forhold knytte til etableringa av Mesta AS. Noko gjeld også underskot i arbeid utført for fylkeskommunane for 2002. Departementet vil be dei 12 fylkeskommunane å betale underskotet på til saman 40 mill. kroner til Statens vegvesen. Departementet vil utarbeide ein tilbakebetalingsplan.

POST 30 RIKSVEGINVESTERINGAR

Departementet orienterer om at 4,75 mill. kroner av midlar løyvd i 2003 til kollektivtrafikk på kap. 1320 post 30 Riksveginvesteringar i Hordaland vil bli nytta til driftstilskot for utvida ruteproduksjon på stamvegnettet. Bruk av desse midlane til vidareføring av utvida ruteproduksjon må sjåast på som eit ekstraordinært tiltak i eit enkeltståande år.

***Kap. 4321 Avslutting av produksjonsverksemda i Statens vegvesen***

POST 70 OVERDRAGING AV EIGEDELAR TIL SELSKAPET

Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 4321 post 70 Overdraging av eigedelar til selskapet med 67 mill. kroner fordi skattetrekk for november og desember 2002 for Mesta AS blei betalt av Statens vegvesen.

***Kap. 1322 Svinesundsforbindelsen AS***

POST 91 LÅN

Stikkordet "kan overførast" blir foreslått tilføydd kap. 1322 post 91.

POST 92 KAPITALISERTE RENTER

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1322 post 92 Kapitaliserte renter med 4 mill. kroner og å tilføye stikkordet "overslagsløyving" på posten.

## 3.2 Komiteens merknader

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, har ingen merknader.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener at riksvegmidlene som bevilges over post 30 skal gå til riksveginvesteringer og ikke til kollektivtiltak. Disse medlemmer viser til at vegvesenet i Hordaland ønsker at 4,75 mill. kroner skal gå til investeringer i blant annet bussholdeplass på rv 555 og støtter dette.

# 4. PROGRAMKATEGORI 21.50 JERNBANEFORMÅL

## 4.1 Sammendrag

***Kap. 1350 Jernbaneverket (jf. kap. 4350)***

POST 23 DRIFT OG VEDLIKEHALD

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1350 post 23 Drift og vedlikehald med 20 mill. kroner. Forslaget skuldast budsjettmessige omsyn og behov for å auke løyvinga til drift og vedlikehald av Gardermobanen, jf. omtale under post 25.

POST 25 DRIFT OG VEDLIKEHALD AV GARDERMOBANEN

Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 1350 post 25 Drift og vedlikehald av Gardermobanen med 10 mill. kroner da løyvinga på kap. 1350 post 25 er for lita til å oppretthalde eit nødvendig nivå på drift og vedlikehald av Gardermobanen i 2003.

***Eigenkapital til Flytoget AS***

Regjeringa legg opp til at selskapet får tilført ny eigenkapital frå staten med 300 mill. kroner. Auka eigenkapital gjer det mogleg for Flytoget å kunne forlengje/refinansiere låna sine. Departementet foreslår såleis å løyve 300 mill. kroner på nytt kap. 1352 Flytoget AS post 96 Eigenkapital.

***Omdanning av BaneService i Jernbaneverket til aksjeselskap - oppretting av interimselskap***

Jernbaneverket har organisert det tyngre vedlikehaldet og anleggsverksemda knytt til sporarbeid i den interne forretningsverksemda BaneSvervice.

Det blir i proposisjonen foreslått endring i løyvingar som følgje av forslag om oppretting av eit interimselskap i samband med arbeidet med å omdanne eininga BaneService i Jernbaneverket til eit statleg eigd aksjeselskap frå 1. juli 2004.

Det vil også bli arbeidd med sikte på å selje verksemda på eit seinare tidspunkt.

Departementet foreslår at departementet får fullmakt til å utgiftsføre driftsutgifter for interimselskapet på nytt kap. 1355 BaneService post 70 Tilskot til drift, mot tilsvarande innsparing under kap. 1350 post 23 Drift og vedlikehald. Departementet foreslår også å løyve 100 000 kroner i eigenkapital til interimselskapet på kap. 1355 post 96 Eigenkapital.

***Kap. 5671 Renter og utbyte frå BaneTele AS***

POST 81 UTBYTE

Eventuell innbetaling i 2003 av utbyte frå BaneTele AS vil bli inntektsført på kap. 5656 Aksjer i selskap under Nærings- og handelsdepartementets forvaltning. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 5671 post 81 Utbyte med 16 mill. kroner, frå 16 mill. kroner til kr 0.

## 4.2 Komiteens merknader til jernbaneformål

***Eigenkapital til Flytoget AS***

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, viser til behandlingen av St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (2002-2003) hvor det ble foreslått endringer i organisasjonsform og eierskap til Flytoget. Et bredt flertall i komiteen understreket at Flytoget har vært en suksess, ikke mist på grunn av den høye andel reisende over Gardermoen som velger flytoget; 34,6 pst. i 2001.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre og Kristelig Folkeparti, støtter forslaget om økt bevilgning på 300 mill. kroner og en satsing på Flytoget på bakgrunn av samfunnsøkonomiske og miljømessige forhold.

Flertallet forutsetter at departementet kommer tilbake til Stortinget på en dertil egnet måte om eventuelle endringer i Flytogets eierskap og organisering skulle bli aktuelt.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til følgende merknader fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet i Budsjett-innst. S. nr. 13 Tillegg nr. 3 (2002-2003) om Flytoget AS:

"Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til at Regjeringen vil flytte eierskapet til Flytoget fra NSB AS og til Samferdselsdepartementet. Disse medlemmer mener dette er feil og er imot å flytte eierskapet til Flytoget.

Disse medlemmer mener at Regjeringen med forslaget om å flytte eierskapet vil sette denne suksessen i fare. Flytoget har hatt suksess både som merkevare og som transportmiddel for reisende over Oslo Lufthavn, Gardermoen (OSL).

Disse medlemmer foreslår følgende:

"Det gjøres ingen endringer i forhold til eierskapet av Flytoget AS."

Disse medlemmer viser til at Flytoget har hatt prioritet på flytogbanen og på jernbanestrekningen mellom

Asker og Oslo. Disse medlemmer har merket seg at denne prioriteringen ikke vil bli videreført som følge av Regjeringens forslag.

Disse medlemmer mener det er nødvendig at reisende over OSL blir prioritert på flytogbanen fordi dette både vil sikre rask og miljøvennlig transport og dermed legge til rette for at en stadig større del av de reisende velger Flytoget.

Disse medlemmer har merket seg at antallet passasjerer varierer sterkt i løpet av uka, og særlig på strekninger vest for Oslo er det ledig kapasitet. Disse medlemmer ber derfor Regjeringen vurdere å åpne enkelte avganger også for andre passasjerer.

Disse medlemmer viser til at Regjeringen i sitt forslag peker på at det er grunn til å anta at Flytogets markedsverdi er lavere enn bokført aksjeverdi i NSB-konsernet som følge av at Flytoget ikke selv har vesentlige støttefunksjoner som for eksempel egen vedlikeholdsenhet. Disse medlemmer mener at det kan ligge betydelige økonomiske gevinster i å samordne drift, vedlikehold, rutemateriell osv. mellom Flytoget og NSB AS."

Disse medlemmer står fortsatt på merknadene i Budsjett-innst. S. nr. 13 Tillegg nr. 3 (2002-2003).

Disse medlemmer merker seg at Regjeringen foreslår å legge inn 300 mill. kroner i økt egenkapital til Flytoget AS i St.prp. nr. 29 (2002-2003). Disse medlemmer peker på at dette skjer samtidig med at jernbanen generelt underprioriteres. Disse medlemmer minner om at forslag om økt egenkapital til Flytoget AS nå skjer etter at staten har ettergitt 7 mrd. kroner i lån til selskapet.

Komiteens medlemmer fra Høyre og Kristelig Folkeparti vil vise til at en viktig begrunnelse for Stortinget for å skille ut Flytoget fra NSB var ønsket om å etablere et alternativt jernbanemiljø som kan utvikle seg til en konkurrent til NSB.

Disse medlemmer støtter en slik begrunnelse. For at Flytoget skal kunne utvikle seg i slik retning er det viktig at selskapet får tilført kapital. En annen viktig forutsetning er at selskapet har den nødvendige jernbaneindustrielle kompetanse.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet vil understreke at det fortsatt skal satses på Flytoget, ikke minst ut fra samfunnsøkonomiske og miljømessige forhold.

Disse medlemmer viser til at Regjeringen i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 3 (2002-2003) la til grunn at Flytoget skal være 100 pst. eid av staten for å ivareta de samfunnsmessige hensyn.

Disse medlemmer vil understreke at dette fortsatt skal ligge til grunn når egenkapitalen utvides med 300 mill. kroner. Disse medlemmer slutter seg med dette til forslaget til bevilgning.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at Flytoget AS har behov for minimum 250 mill. kroner i egenkapital. Disse medlemmer mener det er klargjort at behovet for at egenkapitalen er til stede. Disse medlemmer vil hevde at det ikke bør være en kjerneoppgave for staten å eie og drive transportfirmaer. Flytoget er et slikt transportfirma og bør følgelig avhendes.

Disse medlemmer fremmer på denne bakgrunn følgende forslag:

"Stortinget ber Regjeringen legge til rette for at Flytoget AS kan hente inntil 500 mill. kroner gjennom børsnotering."

### *BaneService*

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti, slutter seg til Regjeringens forslag om å arbeide for å omdanne BaneService til et statlig eid aksjeselskap, og at det vil bli arbeidet med sikte på å selge selskapet.

Flertallet slutter seg også til at en i første omgang etablerer et interimsselskap som skal forberede omdanningen. Flertallet vil videre understreke at en avgjørende forutsetning for effektiv produksjonsvirksomhet er at den er konkurranseutsatt, og at Sem-erklæringen forutsetter at Jernbaneverkets produksjonsvirksomhet skal konkurranseutsettes. Flertallet vil på bakgrunn av dette be Regjeringen arbeide for at større deler av Jernbaneverkets produksjon, herunder oppgaver i BanePartner og BaneProduksjon, blir omdannet og konkurranseutsatt.

Flertallet understreker at Jernbaneverket må sikres tilstrekkelig bestillerkompetanse og at en eventuell omdanning ikke må gjøres slik at sikkerheten på jernbanen blir svekket.

Flertallet har merket seg at Regjeringen tar sikte på å omdanne BaneService til aksjeselskap fra 1. juli 2004 og at det vil være behov for midler til å dekke utgifter til godtgjørelser og konsulentutgifter, bl.a. i forbindelse med styrets utarbeidelse av en strategiplan for omdanningen. Disse utgiftene vil bli postert på nytt kap. 1355 BaneService post 70 Tilskudd til drift, mot tilsvarende innsparing under kap. 1350 Jernbaneverket post 23 Drift og vedlikehold, jf. forslag til vedtak for 2003. Flertallet er innforstått med at mesteparten av utgiftene vil påløpe i 2004, og legger til grunn at departementet kommer tilbake med et liknende forslag til vedtak for 2004.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til at ECON har utført en markedsvurdering av BaneService i forbindelse med eventuell omdanning til aksjeselskap. Konklusjonen var at markedssituasjonen var svært usikker, markedet er redusert og etterspørselen etter BarneServices produkter og tjenester vil på kort sikt bli redusert.

Disse medlemmer vil understreke betydningen av sikkerhetsaspektet ved bygging, drift og vedlikehold av jernbaneanlegg. Disse medlemmer viser til at store jernbanenasjoner som Tyskland og Frankrike ikke legger ut arbeid med signal og høyspenning på det åpne markedet av sikkerhetshensyn. Erfaringene fra Storbritannia peker i samme retning. Disse medlemmer vil understreke at det er Jernbaneverket som i framtiden skal ivareta sikkerheten ved bygging, drift og vedlikehold av jernbanen. Den kompetanse, kunnskap og

erfaring om jernbanesikkerhet som finnes i BaneService er viktig å beholde i Jernbaneverket.

Disse medlemmer mener derfor etter en helhetsvurdering at forholdene ikke ligger til rette for en fristilling av BaneService.

Disse medlemmer vil på denne bakgrunn avvise forslaget om å opprette et interimsselskap for å forberede omdanning av BaneService til aksjeselskap.

Disse medlemmer vil stemme imot forslag til bevilgning under kap. 1355 og II pkt. 3.

## 5. PROGRAMKATEGORI 22.10 POST OG TELEKOMMUNIKASJONAR

### 5.1 Sammendrag

***Kap. 5618 Innskotskapital i Posten Norge AS***

POST 80 UTBYTE

Departementet foreslår å redusere kap. 5618 post 80 Utbyte med 54 mill. kroner da det ikkje er grunnlag for å krevje utbyte frå Posten i 2003. Rekneskapen for Posten Norge AS for 2002 viste eit underskot på 43 mill. kroner.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen har ingen merknader.

## 6. ANDRE SAKER

### 6.1 Sammendrag

***Omfang og bruk av gebyr til å finansiere lov- og forskriftsarbeid på Samferdselsdepartementets område***

Det blir gjort greie for omfanget og bruk av gebyrer til å finansiere lov- og forskriftsarbeid på Samferdselsdepartementets område.

Departementet har ingen gebyrordning for å finansiere sitt lov- og forskriftsarbeid. Innafor veg og jernbane blir det heller ikkje nytta gebyr for å finansiere lov- og forskriftsabeid.

Post- og teletilsynet sitt arbeid med lover og forskrifter, under dette lover og forskrifter fastsette av departementet og tekniske forskrifter fastsette av Post- og teletilsynet, inngår i sjølvfinansieringa av tilsynet. Denne aktiviteten reknar ein for å vere ein del av, og grunnlag for, verksemda i Post- og teletilsynet.

Det er lagt opp til at Luftfartstilsynet i prinsippet skal bli sjølvfinansierande. Etter endringa i luftfartslova, jf. Ot.prp. nr. 40 (2002-2003), har Samferdselsdepartementet fått heimel til å gi forskrifter om at flyselskap eller andre operatørar skal betale gebyr for å finansiere luftfartsstyresmakta sitt arbeid med tryggleik innan luftfarten. Det er ikkje nærare avgrensa kva slags arbeid knytte til dei oppgåvene Luftfartstilsynet har som styresmakt som kan inngå i gebyra som skal finansiere arbeidet med tryggleik som tilsynet utfører.

For gebyrinntektene er det for 2004 foreslått å løyve 87,6 mill. kroner, jf. St.prp. nr. 1 (2003-2004).

***Komiteens merknader***

Komiteen har ingen merknader

## 7. FORSLAG FRA MINDRETALL

**Forslag fra Fremskrittspartiet:**

Stortinget ber Regjeringen legge til rette for at Flytoget AS kan hente inntil 500 mill. kroner gjennom børsnotering.

## 8. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2003 blir det gjort følgjande endringar:

| Kap. | Post | Formål: | Kroner |
|---|---|---|---|
| | | Utgifter: | |
| 1322 | | Svinesundsforbindelsen AS | |
| | 92 | Kapitaliserte renter, *overslagsløyving,* blir redusert med | 4 000 000 |
| | | frå kr 12 000 000 til kr 8 000 000 | |
| 1350 | | Jernbaneverket (jf. kap. 4350) | |
| | 23 | Drift og vedlikehald, *kan overførast*, *kan nyttast under post 30,* blir redusert med | 20 000 000 |
| | | frå kr 2 969 603 000 til kr 2 949 603 000 | |
| | 25 | Drift og vedlikehald av Gardermobanen, *kan overførast,* blir auka med | 10 000 000 |
| | | frå kr 70 700 000 til kr 80 700 000 | |
| 1352 | (nytt) | Flytoget AS | |
| | 96 | Eigenkapital, blir løyvd med | 300 000 000 |
| 1355 | (nytt) | BaneService | |
| | 70 | Tilskot til drift | 0 |
| | 96 | Eigenkapital, blir løyvd med | 100 000 |

| Kap. | Post | Formål: | Kroner |
|---|---|---|---|
| | | Inntekter: | |
| 4321 | | Avslutting av produksjonsverksemda i Statens vegvesen | |
| | 70 | Overdraging av eigedelar til selskapet, blir auka med<br>frå kr 300 000 000 til kr 367 000 000 | 67 000 000 |
| 5618 | | Innskotskapital i Posten Norge AS | |
| | 80 | Utbyte, blir redusert med<br>frå kr 54 000 000 til kr 0 | 54 000 000 |
| 5619 | | Oslo Lufthavn AS | |
| | 80 | Renter, blir redusert med<br>frå kr 463 000 000 til kr 433 900 000 | 29 100 000 |
| 5671 | | Renter og utbyte frå BaneTele AS | |
| | 81 | Utbyte, blir redusert med<br>frå kr 16 000 000 til kr 0 | 16 000 000 |

II

Stortinget samtykkjer i at:

1. stikkordet *kan overførast* blir tilføydd løyvinga under kap. 1322 Svinesundsforbindelsen AS post 91 Lån, i statsbudsjettet for 2003.
2. stikkordet *overslagsløyving* blir tilføydd løyvinga under kap. 1322 Svinesundsforbindelsen AS post 92 Kapitaliserte renter, i statsbudsjettet for 2003.
3. Samferdselsdepartementet i 2003 kan utgiftsføre utan løyving driftsutgifter som gjeld interimsselskapet for BaneSevice på kap. 1355 BaneService post 70 Tilskot til drift, mot tilsvarande innsparing under kap. 1350 Jernbaneverket post 23 Drift og vedlikehald, kan overførast, *kan nyttast under post 30.*

Oslo, i samferdselskomiteen, den 11. desember 2003

| | |
|---|---|
| **Petter Løvik**<br>leder | **Geir-Ketil Hansen**<br>ordfører |

www.stortinget.no Lobo Media AS